

Saksframlegg

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 17/4095-5

Selskapskontroll 2017 - overordna eigarstyring - prosjektplan

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek prosjektplanen slik den ligg føre.

Vedlegg:

- Prosjektplan – Selskapskontroll 2017 - overordna eigarstyring – august 2017

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 18. oktober 2015 plan for selskapskontroll 2016 – 2020 i FT-sak 42/2016. «Overordna eigarstyring» er første prosjekt i planen.

Kontrollutvalet vedtok å bestille selskapskontroll 2017 – overordna eigarstyring – 30. mai 2017 i KU-sak 25/17.

Bestillinga vart sendt SF revisjon IKS 1. juni.

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok prosjektplan 9. august 2017.

2. Vurderingar og konsekvensar

Føremålet med kontrollen av overordna eigarstyring er å få vurdert om fylkeskommunen utøver sin eigarskap i samsvar med aktuelle lover og føresegner, fylkestinget sine vedtak og føresetnadar og i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Det vert i bestillinga bedt om ei vurdering av om lover, regler og vedtak vert etterlevd i forvaltninga av fylkeskommunen sine interesser i selskapa, og om det vert gitt korrekt og tilstrekkeleg informasjon til politisk leiing.

Føremålet og problemstillingane i bestillinga er tekne inn i prosjektplanen utan vesentlege endringar, og utan at intensjonen i bestillinga er endra. Revisor har presisert at ein vil ta utgangspunkt i fire selskap, som fylkeskommunen er medeigar i, for ei nærare vurdering av fylkeskommunen si utøving av eigarskap.

Revisor har utarbeidd revisjonskriteria for prosjektet som problemstillingane vert målt opp mot. Revisor har, i prosjektplanen, gjort greie for metodebruk i arbeidet med selskapskontrollen. Revisor vil nytte dokumentgjennomgang, spørjeundersøking/intervju av sentrale personar for å få kjennskap til eigarutøvinga.

Kontrollutvalet ba i bestillinga om rapport etter gjennomført selskapskontroll seinast 1. november 2017. SF revisjon operer med 1. november som ferdigstillingsdato for prosjektet i eit arbeidsnotat for framdrifta av prosjektet. Oppdragsansvarleg revisor Marianne Vara stadfester også ferdigstillingsdato til 1. november 2017 i tlf.samtale med kontrollsjef 9. august.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å godkjenne prosjektplanen slik den ligg føre.